



Saka til Kjærland gjeld det næraste naustet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Edit og Gunnar Kjærland bør av ymse grunnar få dela ifrå naustet sitt slik dei har søkt om. Det held Torfinn Myklebust fram foran onsdagens nye behandling av denne saka i forvaltningskomiteen.

Politikar Myklebust betraktar seg sjølv som ein folkets ombodsmann i denne saka og gjev uttrykk for at ein bør sjå litt større på ho enn rådmannen har gjort til no.

- Kva meiner du med 'å sjå litt større på ho'?

- Både Edit og Gunnar er no oppe i 80-åra og tildels plaga med sjukdom. Difor ønskjer dei å selgja huset sitt.

Det er dessutan positivt at ein mann i sin alderdom kan dyrka eit arbeid som han er interessert i.

Men dei burde kanskje fått grønt lys for frådeling uansett.

Det bør nemnast at Gunnar har gjort ein god jobb med oppdemning mot meir utgraving i elva og gjort ein jobb for det offentlege med omsyn til vassforsyning.

Så er det den meir formelle sida av saka.

For meg verkar det litt rart at det ikkje blir gjeve grønt lys for frådeling.

Det er eit faktum at andre naust i området har vorte frådelt frå hovud-eigedom.

Her har det med andre ord funne stad ein stor forskjellsbehandling.

-Motargumenter er frykt for privatisering og at dette er eit LNF-område i overordna planar...

- Alle andre naust i området høyrer til eit naustområde, men ikkje det til Kjærland. Kvifor har det vorte slik?

Jau, det vart gjort eit dårleg arbeid av oss politikarar då kommuneplan-nemnda gjorde jobben. Eg var sjølv med på han.

Vi gjorde ein feil med omsyn til Kjærland sitt område, som skulle inngått i naustområdet som alle dei andre nausta og så vorte frådelt.

Eg finn ingen grunn til at denne vesle flekken skal vera friområde i større grad enn dei andre naustane i området.

Kjærland bør få dispensasjon og bruke området ved sida av til parkering hvis vegvesenet tillet det, seier Myklebust.

Han meiner det er lett å finna grunnar til dispensasjon og summerar opp slik:

- * Området ligg i eit naustområde
- * Andre naust i området er frådelt frå hovudbruka
- * Området vil ikkje bli meir privatisert
- * Området er 'ubrukande' til friområde

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen